

Årsmelding

Isdal skog og veglag – 2020

Årsmelding skog og veglag – 2020

2020 er det første året skog- og veglaget har vore i drift.

Styret har primært brukt tida på to forhold. Den eine er bygginga av sjølve vegen. Det andre er administrasjon opp mot Skatteetaten, landbrukskontoret og Brønnøysundregisteret. Vi går nærare inn på status og bakgrunn for det administrative og økonomiske arbeidet som er gjort, samt litt om skogfond. Til slutt i årsmeldinga skriv vi meir om bygginga av vegen. Her ligg også ved ei rekkje bilete.

Økonomi og administrasjon - status

Veglaget er registrert i Brønnøysundregisteret. I løpet av 2020 måtte vi endre vedtekter til å vere i tråd med standardvedtekter for skogveglag. Ekstraordinært årsmøte vart halde 30. desember. Bakgrunnen for dette var intensjonen med laget, som er i tråd med det som er målet med slike lag på generell basis. Særskilt formål om fortjeneste har vorte endra, og vi ventar heller ikkje at det skal vere store brutto inntekter på skogsvegen. I byggeperioden må vi rekne med at vi tidvis går med underskot. Dette gjer også at vi kan få skattefritak.

I forkant av dette har vi hatt dialog med Skatteetaten og rekneskapskontor for å få rådgjeving. Nordhordland IKS – rådgjeving, førte til ekstraordinært årsmøte og justerte vedtekter. Kommune (landbrukskontor), skatteetaten, registrering og administrering opp mot Brønnøysund.

Midlar til å dekkje bygging av skogsveg kjem frå tilskot frå landbrukskontoret, tippavgift for mottak av stein, samt noko sal av skog i vegtrase.

Utgifter i dag er bygging av veg, der Dale maskin og utleige gjer mesteparten av bygginga av vegen. Dialog og kjøp av tenester frå revisor, gjennomført i 2020, må også betalast, men vil kome på neste års budsjett. Avtale med Dale maskin og utleige. Dei har gjort store delar av arbeidet på vegen. I tillegg har Vidar Ingebregtsen (gnr 185 bnr 4) lagt ned svært mange timar i gravemaskina.

Framtidige utgifter til grus (toppdekke på veg) er venta å vere høge, og vi vil spare store summar på å kunne trekkje frå meirverdiavgift. Vi har difor registrert veglaget å betale mva frivillig.

Skogfond og uttak av skog

Når ein tar ut skog er ein plikta til å setje mellom 4-40% av inntekta frå sal av skog (tømmer) på skogfond. Kommunen administrerer dette skogfondet for det einskilde bruk, og ved dokumenterte utgifter knytt til bygginga av veg eller drift av skog kan ein få refundert beløpet hjå kommunen. Det finst ei liste over kva som er godkjende utgifter. Ein må ikkje skatte for pengar frå skogfondet, men ein får heller ikkje renter. Ein kan få dekt eigeninnsats/arbeidstimar gjennom skogfondet. Dette må ein då betale 15% skatt for.

Skogfondet følgjer bruket, og skal gå til å dekkje utgifter ein har til drift og vedlikehald av skog. Pengar frå skogfondet kan mellom anna dekkje vedlikehald av skogsveg. I framtida er det dette vi tenkjer vil vere naturleg for Isdal skog- og veglag.

Nortømmer har betalt inn 10% til skogfondkontoen til den enkelte, men her kan de sjølve velje å spare ekstra om de ønskjer det. Skogveglaget har ikkje skogfondskonto, då vi ikkje eig skogen, det er det grunneigarane som gjer. Det går ikkje an å ta ut pengar frå skogfondet til andre føremål enn skog. Midlane skal gå til å dekkje dei pliktene skogeigar har til å drifte og vedlikehalde veg og skog.

Når det gjeld bygginga av vegen, har vi vore nøydde til å ta ut skogen som har stått i vegtraseen. Midlane frå salet av desse trea har gått inn på veglaget sin konto. Totalt er dette rundt 90 000 kr. Fordi inntekta frå dette er svært liten, særskilt når den skal fordelast etter skuld til kvart bruk, og fordi vi har hatt behov for inntekt har vi gjort det slik. På denne måten unngår ein utgifter for den enkelte skogeigar.

Vegavgift vil i framtida kunne takast frå skogfondet. For framtidige inntekter frå skogen, vil vi måtte endre innbetalingsrutinar hos Nortømmer, slik at dei betaler til det enkelte bruk etter skuld. Fordi prisen på skog for tida er svært låg, ventar vi med uttak til prisane går opp att. Grunnen til den låge prisen er billeangrep og dårleg ver i Mellom-Europa, som gjer at ein har tatt ut store mengder skog på kort tid der.

Skogfondet har ikkje direkte innverknad på bygging av vegen, men det vert ein del grenseoppgangar mellom veglaget og skogfondet. Det har gått ein del tid med til å finne ut av dette. Noko av det som har vore uklart har vore knytt til sameiget. Denne eigarforma gjer det enkelt å rekne ut kven som skal ha kva inntekter og utgifter. Vi slepp òg å ta omsyn til kor mykje veg som ligg på det enkelte bruk fordi skuldfordelinga er konstant.

Sameige har likevel skapt nokre vanskar. Styret har brukt ein del tid på å finne løysingar for korleis innbetalinga til skogfond skal skje. Dette fordi sameige av skog ser ut til å vera uvanleg, og landbrukskontoret har måtta kontakta både statsforvaltaren og departementet for å finna rett måte å oppretta skogfond på. Her har vi gått fleire rundar med kommunen, og pengane er framleis ikkje kome inn på skogfondet. Vi held fram dialogen med kommunen.



Langevatn mellom Isdal og Åse. Vegtrase sørover Seljedalen.

Bygging av veg - status

Når det gjeld bygging av sjølve vegen er det lagt ned ein stor jobb, og framdrifta har vore langt raskare enn forventa. Normalt sett ville ein brukt fleire år på ei slik lengd som Isdal skog- og veglag har etter berre eit drøyt år med drift. Grunna godt kontaktnettverk og liten kapasitet til mottak av massar andre stader i nærleiken, har vi fått tilført store mengder massar og materiell til bygging av vegen. Dette gjer at bygginga av vegen har gått fort.

I tillegg til sjølve vegen (traséen) er det laga og vil verte laga fleire stikkvegar, tømme/laste plassar og snuplassar. Dette for å hindre stor slitasje på vegen når hogsten av skogen kjem i gang.

Bruk av bom fører tidvis til ein del ekstraarbeid fordi den må opnast og lukkast morgon og kveld. Særskilt Vidar har tatt på seg eit ansvar her.

For å få utbetalt midlar frå kommunen til ferdigstilling av veg, finst nokre krav. Dette er mellom anna at ein skal ha røyr og grus.

Då røyr kjem til å kunne forureine vatn i nærleiken, inkludert drikkevasskjelder, må vi vente med dette. Grus vil bli slite vekk så snart store køyretøy kjem, så også dette er noko vi avventar.

Grus vil forsvinne svært fort når hjullastarar og andre tunge køyretøy brukar vegen, så vi ønskjer også å vente lengst mogleg med å legge grus.



Oversikt - Vegtrase



Dem omsøkte skogsvegen er av landbrukskontoret blitt kalt Isdalsvegen. På kartutsnittet her er hovudtraséen for vegen på om lag 2km. Det er godkjent avkøyring frå FV57 for bygging av skogsveg og uttak av tømmer. Vegen går frå hovudvegen på eldre sti og langs med grensa mot Erstad. Etter å ha kome gjennom skjeringa ved det gamle pumpehuset vender vegen sørover langs myra og knekk oppover i ei jamn og naturleg stigning innover Seljedalen/Viddalen

Fyrste byggesteget - Del 1



Fyrste del av veg og uttak av skog ligg vest for høgspentlina.

Etablering av avkøyrsla frå FV57 og ein fyrste snu- og velteplass.

Del 1 vil verte bygd med tilføring av reine steinmassar og det vert fylt på med jord på skulder mot vest (FV57).

Det vert sett igjen ein mindre skjerm med skog mot veg og dyrka marka

Sjølve trasen er her eintydig da me må fram til og gjennom eksisterande skjering før vegen vender sørover og inn i Seljedalen eller Viddalen alt etter kva kart ein les.

Veglaget bør i komande året investere i bom ved avkøyrsla til hovudvegen.

Andre byggjesteget



Frå skjeringa tar skogsvegen seg sørover i myrkanten fram til starten på hovudelen av hogstområdet.

Det har nyleg vore gjort registreringar i utmarka knytta til kulturminne. Det ligg mellom anna fleire «torvhus» ved traseen i dette området. Endeleg plassering kan gjerast når registreringane vert gjort tilgjengeleg.

Langavatnet er drikkevasskjelde til gardsområde Åse og me må i naudsynt grad halde avstand eller gjere avbøtande tiltak for å hinde forureining av vasskjelda.




Veg sørover myra ved Langevatn. Det er fleire murer frå torvhus innover dalen (t.v.)



Ved enden av myra og start på stinginga oppover Seljedalen.

Tredje byggjesteget



Tredje steget ber sørover og slakt opp i Seljedalen. Her står hovuddelen av skogen.

Det er ikkje avklart eller tatt stilling til i detalj kva trase som egner seg best i høve til uttaket av skog.

Det må etablerast ein snu- og velteplass i dette området så vidt me oppfattar.

Den raude linja går langs ein naturleg «benk» oppetter lia som stig slakt og naturleg. Dette er gunstig da me så langt ikkje har hatt behov for sprenging som er svært fordyrande.

Dei lilla linjene er moglege val om naudsynt.

Arealet lengst nordaust og rett sør om Bruramyra er vanskeleg tilgjengeleg. Både ta omsyn til vassdraget og Langavatnet



Stigninga opp Seljedalen,



Start på sideveg mot aust og lia mot søndre Åse.



Nær toppen av stinginga. Legg vekt på at det vert ryddig og fint, jordmassar plasser i skråning.



Toppen av stinginga og opna trase sørover mot gamle steingjerde, grensa mot Indre Gjervik.



Toppen av stinginga opp Seljedalen og øvre del. Me har mykje skog som skal ut og vegen er naturleg nok heilt avgjerande for å gjennomføre ei forsvarleg og effektiv drift.